15.02.17

**Vedkomande søknad om padleruter i Sunnhordland 2017**

I samband med etablering av Padleruter i Sunnhordland vert det stadfesta at Bømlo, Fitjar og Stord kommunar samane med Bydelsbloggen i Sagvåg og Sunnhordland Padleklubb tek på seg ansvaret med å ettersjå, drifta og vedlikehalda dei oppsette skilta i 10 år framover. Det vera seg etterteiting av boltar, vask av skilt m.m, noko som ikkje vil kosta stort.

Me vil leggja ut informasjon a\onm dei graderte rutene så snart dei er kvalitetssikra av Padleforbundet og skilta er montert. Me ser då for oss eigne heimesider (5 stykk) og facebook forutan Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland sine.

Postkort, rutekart vert lagt rundt om på hotell, sportsbutikkar etc. Me kontaktar media når det nærmar seg ferdigstilling. Skulane og barnehagane vil få tilbod om å vera fyrst ute sidan me har innkjøpte kano/kajakkpakkar i fleire av kommunane.

Dette til orientering

Helsing

Sylve Rusten
Rådgjevar idrett og friluftsliv
Stord kommune